

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 153



# TELEGRAFVERKET 1963

STATISTIQUE DES TELEGRAPHES ET  
DES TELEPHONES DE LA NORVEGE

1963

TELEGRAFSTYRET

OSLO 1964

# Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

Norway's Official Statistics, series XII

## Rekkje XII

Prenta 1964

- Nr.127 Økonomisk utsyn over året 1963 *Economic survey*
- 128 Veterinærvesenet 1959 *Service vétérinaire*
- 129 Folketelling 1960 III Folkemengden etter næring, stilling og sosial status *Population census III Population by industry, occupation and status*
- 130 Meieribruket i Noreg 1962 *Norway's dairy industry*
- 131 Elektrisitetsstatistikk 1962 *Electricity statistics*
- 132 Psykiatriske sykehus 1961 *Hospitals for mental disease*
- 133 Folketelling 1960 IV Utdanning *Population census IV Education*
- 134 Samferdselsstatistikk 1962 *Transport and communication statistics*
- 135 Helsestatistikk 1962 *Health statistics*
- 136 Utenrikshandel 1963 I *External trade I*
- 137 Kredittmarkedstatistikk 1962 *Credit market statistics*
- 138 Kommunevalgene 1963 *Municipal elections*
- 139 Forsikringsselskaper 1962 *Sociétés d'assurances*
- 140 Folketelling 1960 VIII Trossamfunn, fødested m. v. *Population census VIII Religious denomination, place of birth etc.*
- 141 Syketrygden 1962 *National health insurance*
- 142 Statistisk årbok 1964 *Statistical yearbook of Norway*
- 143 Industristatistikk 1962 *Industrial statistics*
- 144 Fiskeristatistikk 1962 *Fishery statistics*
- 145 Norges postverk 1963 *Statistique postale*
- 146 Folkemengdens bevegelse 1962 *Vital statistics and migration statistics*
- 147 Utenrikshandel 1963 II *External trade II*
- 148 Psykiatriske sykehus 1962 *Hospitals for mental disease*
- 149 Jordbruksstatistikk 1963 *Agricultural statistics*
- 150 Alkoholstatistikk 1963 *Alcohol statistics*
- 151 Folketelling 1960 V Husholdninger og familiekjerner *Population census V Households and family nuclei*
- 152 Utenrikshandel 1963 III *External trade III*
- 153 Telegrafverket 1963 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 153



# TELEGRAFVERKET

## 1963

STATISTIQUE DES TELEGRAPHES ET  
DES TELEPHONES DE LA NORVEGE

1963

TELEGRAFSTYRET  
L'ADMINISTRATION DES TELECOMMUNICATIONS  
OSLO 1964

### **Utkomen før**

For åra 1884—1898, sjå Norges Offisielle Statistikk, rekkje III seinast nr. 318, 1899—1905 IV seinast nr. 129, 1905—1912 V seinast nr. 191, 1912—1919 VI seinast nr. 187, 1919—1925 VII seinast nr. 190, 1925—1931 VIII seinast nr. 184, 1931—1939 IX seinast nr. 190.

Telegrafverket 1939—1940 X 13, 1940—1941 X 46, 1941—1942 X 61, 1942—1943 X 74, 1943—1944 X 94, 1944—1945 X 120, 1945—1946 X 140, 1946—1947 X 184, 1947—1948 XI 4, 1948—1949 XI 37, 1949—1950 XI 61, 1950—1951 XI 93, 1951—1952 XI 136, 1952—1953 XI 159, 1953—1954 XI 198, 1954—1955 XI 226, 1955—1956 XI 261, 1956—1957 XI 298, 1957—1958 XI 331, 1958—1959 XII 7, 1959—1960 XII 36, 2. halvår 1960 XII 65, 1961 XII 90, 1962 XII 120.

## FORORD

Innhaldet i denne utgåva av Telegrafverkets offisielle statistikk er stort sett ordna på same måten som i statistikken for 1962.

Ein har teki i bruk desse symbola:

- Null.
- .. Oppgåve manglar.
- \* Utrekna tal.
- r Retta sia førre utgåve.

# Innhold.

## I. Telegrafverkets arbeidsoppgåver

### II. Administrasjon

	Side
2.1. Telegrafverkets organisasjon .....	7
2.2. Ymse administrative tiltak .....	8
2.3. Deltaking i internasjonalt samarbeid .....	8

### III. Økonomi, trafikk, telefon- og teleksabonnement m.m.

3.1. Utdrag av Telegrafverkets kapitalrekneskap .....	11
3.2. Oversikt over Telegrafverkets investeringsutgifter og finansieringa av desse utgiftene .....	13
3.3. Telegrafverkets driftsrekneskap .....	16
3.4. Rentabilitet .....	20
3.5. Lokaltelefonen .....	20
3.6. Rikstelefonen .....	30
3.7. Telegraf .....	34
3.8. Teleks .....	36

### IV. Liner og samband

4.1. Kabelgrøfter, kabelkanalar, telefonstolpar og radioliner ved Telegrafverkets anlegg og tilknytingsnetta .....	39
4.2. Fjernkabler med koaksialpar .....	40
4.3. Radioliner .....	40
4.4. Linelengd i Telegrafverkets anlegg og tilknytingsnetta .....	41
4.5. Kabelgrøfter, stolperekkjer og trådlengd i linenetta til dei private telefonselskapa .....	41
4.6. Abonnentsamband .....	42
4.7. Sambandslengd ved Telegrafverkets telefonanlegg og tilknytingsnetta .....	43
4.8. Telefonsamband, overføringsamband for tonetelegrafi og kringkastingsamband (for lydradio og fjernsyn) i riksnettet .....	44
4.9. Telegraf- og telekssamband .....	47
4.10. Utbygging av rikslinettet .....	49
4.11. Nye berefrekvens- og tonetelegrafikanalar .....	51

### V. Stasjonar

5.1. Stasjonar som Telegrafverket driv .....	53
5.2. Stasjonar som andre enn Telegrafverket driv .....	55

### VI. Stasjons- og abonnentutstyr

6.1. Automatiske telefonsentralar .....	56
6.2. Manuelle og halvautomatiske sentralar og manuelle telefonbord .....	60
6.3. Hussentralar og serietelefonanlegg .....	61
6.4. Telefonapparat .....	62
6.5. Telekssentralar og fjernskrivarapparat med tilleggsutstyr .....	63
6.6. Berefrekvens- og tonetelegrafiutstyr og forsterkarar .....	64
6.7. Utstyr ved Telegrafverkets radiostasjonar, bakkestasjonane og kringkastingsstasjonane .....	65

### VII. Grunnareal og bygningar

7.1. Kjøp og feste av grunnareal .....	66
7.2. Nye bygningar som blei fullførte i 1963 .....	67
7.3. Større bygningar under arbeid eller førebuing .....	69
7.4. Ombygging og utviding av bygningar .....	70
7.5. Sal av grunnareal og bygningar .....	70

## VIII. Personalet

	Side
8.1. Lønns- og arbeidsvilkår .....	71
8.2. Løyvde stillingar .....	71
8.3. Tal på tenestemenn .....	72
8.4. Arbeidde årsverk .....	74
8.5. Timelønna til tarifflønte telefonarbeidarar m.m. ....	74
8.6. Fråvær .....	75
8.7. Undervisningsverksemda .....	78
8.8. Ymse sosiale stønader og velferdstiltak .....	79

### Tabellar

Tab. 1. Økonomisk oversikt over Telegrafverkets drift i 1963 .....	82
» 2. Lokaltelefonen. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkrinsane i 1963 .....	84
» 3. Rikstelefonen. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkrinsane i 1963 .....	96
» 4. Telegraf. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved kontrollkrinsane i 1963 .....	104
» 5. Teleks. Trafikk, driftsinntekter og -utgifter ved telekssentralane i 1963 .....	112
» 6. Driftsinntekter og -utgifter i 1963 som ikkje er delte på kontrollkrinsane .....	114
» 7. Utgifter ved distriktstyra og rekningssentralane i 1963 .....	119
» 8a. Telefontrafikken med utlandet i 1963. Terminaltrafikk .....	120
» 8b. Telefontrafikken med utlandet i 1963. Transittrafikk .....	141
» 9a. Telegramtrafikken med utlandet i 1963. Terminaltrafikk .....	142
» 9b. Telegramtrafikken med utlandet i 1963. Terminaltrafikk, biletetelegram .....	152
» 9c. Telegramtrafikken med utlandet i 1963. Transittrafikk .....	153
» 10a. Telekstrafikken med utlandet i 1963. Terminaltrafikk .....	154
» 10b. Telekstrafikken med utlandet i 1963. Transittrafikk .....	157
» 11. Radiotrafikk over kystradiostasjonane i 1963 .....	158
» 12. Trafikken ved bakkestasjonane i 1963 .....	160
» 13. Taksert trafikk, inntekter og utgifter ved Telegrafverkets stasjonar i 1963, fordelt på fylka .....	161
» 14. Taksert trafikk månadsvis i 1963 .....	163
» 15a. Grøftelengd, telefonstolpar og linelengd ved Telegrafverkets anlegg og tilknytingsnetta pr. 31. desember 1963 .....	164
» 15b. Abonnentsamband, sambandsliner og sambandslengd ved Telegrafverkets telefonanlegg og tilknytingsnetta pr. 31. desember 1963 .....	172
» 16a. Tal på sentralar, hussentralar og telefonapparat ved Telegrafverkets telefonanlegg og tilknytingsnetta pr. 31. desember 1963 .....	194
» 16b. Manuelle telefonbord, fjernskrivarapparat, berefrekvens- og tone-telegrafterminalutstyr og forsterkarar ved Telegrafverkets stasjonar pr. 31. desember 1963 .....	216
» 17. Radioutstyr ved stasjonane pr. 31. desember 1963 .....	228
» 18a. Radioutstyr ved bakkestasjonane pr. 31. desember 1963 .....	230
» 18b. Kringkastingsendarar for lydradio pr. 31. desember 1963 .....	231
» 18c. Kringkastingsendarar for fjernsyn pr. 31. desember 1963 .....	233
» 19. Løyvde stillingar (inkl. stillingar ved kringkastarane, støykontrollen utanom Telegrafstyret og bakkestasjonane) pr. 31. desember 1963 .....	234
» 20. Løyvde stillingar pr. 31. desember 1963 etter lønnsklasse og arbeidsområde .....	240
» 21a. Tenestemenn pr. 31. desember 1963 etter lønnsklasse og arbeidstad ..	244
» 21b. Tenestemenn pr. 31. desember 1963 ved kringkastarane, støykontrollen utanom Telegrafstyret og bakkestasjonane etter lønnsklasse og arbeidstad .....	252
» 22. Oversikt over arbeidde årsverk i Telegrafverket i 1963 .....	254
» 23. Sjukefråvær og sjukedagar med lønn, totalt og pr. heilårsarbeidar etter kjønn og arbeidstad i 1963 .....	268
» 24. Sjukefråvær og sjukedagar med lønn, totalt og pr. heilårsarbeidar etter kjønn, alder og arbeidsområde i 1963 .....	282
» 25. Fast tilsette og konstituerte tenestemenn, regulære reservar, mellom-bels tenestemenn og overeinskomstlønte telefonarbeidarar pr. 31. desember 1963 etter kjønn, alder og arbeidsområde .....	287
» 26a. Oversikt over inntekter og utgifter i Telegrafverket frå 1900-01 til 1963 .....	288
» 26b. Oversikt over lokal- og rikstelefonen i Noreg frå 1900-01 til 1963 .....	290
» 26c. Oversikt over telegraf og teleks i Noreg frå 1900-01 til 1963 .....	292
» 27. Samanliknande oversikt for 1962 over samtaler, telegram og telekstrafikk m.m. i ymse land .....	294

SAMFERDSELS-

Post- og Telegrafavdelinga

DEPARTEMENTET

TELEGRAFDIRIGJØR

Sentraladministrasjon  
(Telegrafstyret)

Trafikkavdelinga (avd. I)		Trafikkdirektør
Administrasjonskontoret	Kontorsjefar	
Huskontoret		
Katalogkontoret		
1. Trafikkontor		
2. Trafikkontor		
3. Trafikkontor		

Lineteknisk avdeling (avd. II)		Lineteknisk direktør
Fjernkabelkontoret	Overingeniør	
Forsyningskontoret	Kontorsjef	
Hovudlageret		
Hovudverkstaden	Overingeniørar	
Linekontoret		
Rasjonaliseringskontoret		
Stasjonskontoret	Sjefingeniør	
Transmisjonskontoret	Overingeniør	

Personalavdelinga (avd. III)		Personaldirektør
1. Personalkontor	Kontorsjefar	
2. Personalkontor		
3. Personalkontor		
4. Personalkontor		
Telegrafskolen	Styrar	

Radioteknisk avdeling (avd. IV)		Radioteknisk direktør
Kringkastingkontoret	Overingeniør	
Radioanleggskontoret	Sjefingeniør	
Radiodriftskontoret	Kontorsjef	
Radiolinekontoret	Overingeniørar	
Radiotransmisjonskontoret		
Telegrafstyrets laboratorium		

Økonomiavdelinga (avd. V)		Økonomidirektør
Budsjett- og rekneskapskontoret	Kontorsjefar	
Hovudbokhaldet		
Hovudkassa		
Kalkulasjons- og statistikkontoret		

Telegrafstyrets militærkontor	Oberst
-------------------------------	--------

Distriktsadministrasjon

- Distriktsjefen Oslo
- Distriktsjefen Østfold
- Distriktsjefen Oppland
- Distriktsjefen Drammen
- Distriktsjefen Agder
- Distriktsjefen Rogaland
- Distriktsjefen Bjørgvin
- Distriktsjefen Møre
- Distriktsjefen Trøndelag
- Distriktsjefen Nordland
- Distriktsjefen Troms
- Distriktsjefen Finnmark

Lokaladministrasjon

- Telegrafstyrarar ved
- vanlege sjølvstendige
- telestasjonar og
- sjølvstendige kyst-
- radiostasjonar
- Svalbard radio
- Telegrafstyrarar
- ved kring-
- kastarar
- Telegrafstyrarar ved
- sjølvstendige bakke-
- stasjonar

## I. Telegrafverkets arbeidsoppgåver.

Etter lov 29. april 1899 har staten (Telegrafverket) med visse unntak einerett til å byggje og drive telekommunikasjonsanlegg.

Telegrafverkets arbeidsoppgåver er å byggje og drive

- a) lokaltelefonanlegg,
- b) rikstelefonanlegg,
- c) telegraf- og teleksanlegg,
- d) kringkasting- og fjernsynsendarar med tilhøyrande overføringsnett (for Norsk Riksringkasting) og
- e) bakkestasjonar og anna radioteknisk utstyr for trygging av luftferdsle (for Luftfartsdirektoratet).

På einsskilde stader blir lokaltelefonen enno driven av private selskap etter konsesjon frå Samferdselsdepartementet. Disse selskapa midlar også telegram.

Etter avtale mellom Telegrafverket og Noregs statsbanar ekspederer også Noregs statsbanar telegram til og frå publikum over sitt telekommunikasjonsnett.

Til det telekommunikasjonsnettet som Telegrafverket driv, høyrer fleire radiostasjonar, mellom anna kystradiostasjonane for samtrafikk med skip i sjøen.

Hopen radio, Bjørnøya radio og Jan Mayen radio blir drivne av Meteorologisk Institutt og Ny-Ålesund radio av Kings Bay Kullcomp. A/S.

Bygging og drift av radiotelefonstasjonar på fyr og av radioteknisk navigasjonsutstyr på land ligg for det meste under Fyrvesenet.

Radiotenesta om bord i norske skip og fly blir drivne av reiarane og flyselskapa etter konsesjon frå Telegrafstyret.

## II. Administrasjon.

### 2.1. Telegrafverkets organisasjon.

Jfr. organisasjonskartet framanfor.

Telegrafverket høyrer under Samferdselsdepartementet og har ein telegrafdirektør som øvste leiar. Telegrafverkets administrasjon er delt i tre: sentraladministrasjonen, distriktsadministrasjonen og lokaladministrasjonen.

Telegrafstyret, som er *Telegrafverkets sentraladministrasjon*, blir rekna som ein del av departementet og er delt i 5 avdelingar:

- Trafikkavdelinga (avd. I),
- Lineteknisk avdeling (avd. II),
- Personalavdelinga (avd. III),
- Radioteknisk avdeling (avd. IV) og
- Økonomiavdelinga (avd. V).

I brodden for kvar avdeling står ein avdelingsdirektør som høyrer direkte under telegrafdirektøren. Kvar avdeling er igjen delt i kontor med ein kontorsjef, overingeniør eller sjefingeniør som leiar. Utanom dei 5 avdelingane står Telegrafstyrets militærkontor med ein oberst som sjef. Han står administrativt under telegrafdirektøren.

Direkte under telegrafdirektøren høyrer også dei 12 distriktsjefane. Distriktsjefane leier kvar sin *distriktsadministrasjon* med eit telegrafdistrikt som administrasjonsområde.

Telegrafverkets *lokaladministrasjon* blir leidd av telegrafstyrarar. Telegrafstyrarane ved dei vanlege sjølvstendige telestasjonane, Arendal telefonanlegg, Bergen telefonanlegg, Byrudstua forsterkarstasjon, dei sjølvstendige kystradiostasjonane og dei faste radiostasjonane høyrer under vedkommande distriktsjef, medan styrarane ved Svalbard radio, dei sjølvstendige kringkastarane, dei sjølvstendige bakkestasjonane og Stavanger/Varhaug Consol-radiofyr står direkte under Telegrafstyret (Radioteknisk avdeling).

Dei fleste telegrafstyrarane ved dei vanlege sjølvstendige telestasjonane har utanom eigen stasjon også ein eller fleire understasjonar i administrasjonsområdet sitt. Eit slikt administrasjonsområde er ein kontrollkrins.

31. desember 1963 var det telegrafstyrar ved
- 106 vanlege sjølvstendige telestasjonar med understasjonar (Oslo — med ein distriktsjef som styrar — er teken med her) — 9 av desse hadde også kystradioteneste, ein av dei dessutan bakkeradioteneste,
- 8 vanlege sjølvstendige telestasjonar utan understasjonar,
- 2 telefonanlegg (Arendal og Bergen telefonanlegg),
- 1 forsterkarstasjon (Byrudstua, styraren har tittel avdelingsjef),
- 8 sjølvstendige kystradiostasjonar,
- 4 kombinerte kystradio- og bakkestasjonar,
- 13 sjølvstendige bakkestasjonar,
- 12 kringkastarar,
- 2 faste sendarstasjonar (Jeløy der det er ein driftsingeniør som leiar, og Tryvasshøgda som dessutan har kystradioteneste og sendarar for lydradio og fjernsyn),
- 1 fast mottakarstasjon (Ski),
- 1 radiofyr (Stavanger/Varhaug Consol radiofyr),
- I 1963 er desse endringane i kontrollkrinsgrensene gjennomførte:
1. januar blei Dalsøyra nedlagd som sjølvstendig stasjon og lagd under Høyanger kontrollkrins og Åndalsnes nedlagd som sjølvstendig stasjon og lagd under Molde kontrollkrins.
1. juli blei Bryne og Sandnes kontrollkrinsar mellombels slegne saman til ein kontrollkrins med Sandnes som kontrollstasjon.
- I 1963 er denne endringa gjennomført i radiotenesta:
- Vadsø aeradio blei nedlagd 1. januar.

## 2.2. Ymse administrative tiltak.

Telegrafstyrets rasjonaliseringskontor, som er knytta til Lineteknisk avdeling, blei oppretta 1. april 1963.

## 2.3. Deltaking i internasjonalt samarbeid.

7. oktober—8. november blei det i Genève haldi ein ekstraordinær administrativ radio-konferanse for tildeling av frekvensband for romkommunikasjon. Norske representantar var avdelingsdirektør N. J. Søberg, overingeniørane P. Mortensen og J. R. Veastad og kontorsjef K. Hammerstrøm.

*Den internasjonale komiteén for telegrafi og telefoni (CCITT):*

Studiegruppe IV heldt møte i Stockholm 27. mai—1. juni. Norske deltakarar var overingeniør E. Jensen og avdelingsingeniør A. Tornes.

Studiegruppe X heldt møte i Genève 28.—31. mai. Frå Noreg møtte overingeniør N. Taranger.

Studiegruppe XII møtte i Praha 10.—14. juni med overingeniør O. Nystog som norsk deltakar.

Studiegruppe IX heldt møte i Genève 14.—21. juni. Frå Noreg møtte overingeniør N. Taranger.

Studiegruppe XVI heldt møte i Genève 24.—28. juni. Frå Noreg møtte overingeniør H. Blindheim.

Studiegruppe IV heldt møte i Genève 18.—23. september med overingeniør E. Jensen som norsk deltakar, og 2.—15. oktober med overingeniør E. Jensen og avdelingsingeniør A. Tornes som norske deltakarar.

«Special Study Group A» (data transmission) heldt møte i Genève 21. september—5. oktober med overingeniør N. Taranger og avdelingsingeniør T. Moe som norske deltakarar.

Studiegruppene XI, XIII og «Special Study Group B» heldt møte i Melbourne 7.—30. oktober. Frå Noreg møtte sjefingeniør K. Lagset.

Studiegruppe V heldt møte i Genève 10.—23. november med avdelingsingeniør G. Helland Nilsen som norsk deltakar.

*Den internasjonale komiteen for radio (CCIR):*

CCIR heldt si 10. plenarforsamling i Genève 16. januar—16. februar. Norske deltakarar var avdelingsdirektør N. J. Søberg og overingeniørane P. Mortensen og T. Forberg.

*CCITT og CCIR:*

«CCITT and CCIR Plan Committee» heldt møte i Roma 25. november—11. desember. Frå Noreg møtte avdelingsdirektør P. Øvregard.

*Den europeiske konferanse for post- og teledministrasjonar (CEPT).*

2.—14. september blei den 3. plenarforsamlinga i CEPT og møte i Telekommunikasjonskommisjonen og arbeidsgruppene haldi i München. Norske representantar var telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektørane N. J. Søberg og P. Øvregard, overingeniør P. Mortensen og konsulent T. Nebell.

Elles hadde CEPT desse møta:

24.—26. juli i Brussel om varslingsteneste pr. radio. Avdelingsingeniør E. Børresen var norsk deltakar.

13.—15. november i Bonn i Ad-hoc-arbeidsgruppa. For Noreg møtte avdelingsdirektør N. J. Søberg og konsulent T. Nebell.

18. november i London i arbeidsgruppa for telesatellittkommunikasjon. Norsk representant var overingeniør J. R. Veastad.

*Den europeiske telesatellittkonferansen (CETS).*

Den europeiske telesatellittkonferansen heldt desse møta:

19.—23. mai i Paris, der overingeniør P. Mortensen møtte for Noreg.

18. juni blei det i Haag haldi eit førebunde møte mellom representantar for dei små landa i Europa. For Noreg møtte avdelingsdirektør N. J. Søberg.

16.—18. juli i London. Frå Noreg møtte telegrafdirektør Leif Larsen og konsulent T. Nebell.

17.—19. september i London i Romteknologisk komité. Frå Noreg møtte overingeniør J. R. Veastad.

24.—27. september i London i Organisasjonskomitéen, og 14.—15. oktober same staden i Samordningskomiteen. Norsk representant var konsulent T. Nebell.

22.—24. oktober i London i Romteknologisk komité, med overingeniør J. R. Veastad som norsk representant.

4.—8. november i London i Organisasjonskomitéen og Samordningskomiteen. Frå Noreg møtte konsulent T. Nebell.

19. november i London i Romteknologisk komité, med overingeniør J. R. Veastad som norsk representant.

26.—29. november i Roma. Norske representantar var telegrafdirektør Leif Larsen og konsulent T. Nebell.

16.—18. desember i London i Organisasjonskomitéen, med konsulent T. Nebell som norsk representant.

*Nordiske konferansar og møte:*

21.—25. mai blei det haldi nordisk telekonferanse i Svendborg. For Noreg møtte telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektørane N. J. Søberg, P. Øvregard og J. Ringstad, sjefingeniør K. Lagset og kontorsjefane K. Hammerstrøm og P. Rabbås.

Det har vori 8 møte i den skandinaviske telesatellittkomiteen (STSK):

22.—23. januar i Gøteborg. For Noreg møtte overingeniør J. R. Veastad.

11.—13. mars i København. Norske deltakarar var overingeniørane P. Mortensen og J. R. Veastad.

21.—25. april i Gøteborg. Norske deltakarar var avdelingsdirektør N. J. Søberg og overingeniør J. R. Veastad.

12.—13. juni i Helsingør. Norske deltakarar var avdelingsdirektør N. J. Søberg og overingeniør P. Mortensen.

24.—25. juni i Gøteborg. For Noreg møtte overingeniør J. R. Veastad.

20.—21. august i Gøteborg. Norske deltakarar var overingeniørane P. Mortensen og J. R. Veastad.

24.—26. september i Stockholm. For Noreg møtte overingeniørane P. Mortensen og J. R. Veastad.

2.—6. desember i Gøteborg. Norske deltakarar var avdelingsdirektør N. J. Søberg og overingeniørane P. Mortensen og J. R. Veastad.

Eit svensk-norsk møte om planane for nye Nordsjøkablar blei haldi i Oslo 4. januar. For Noreg møtte telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektørane P. Øvregard og J. Ringstad, sjefingeniør P. Falnes, overingeniør H. Blindheim, kontorsjef P. Rabbås, konsulent T. Nebell, avdelingsingeniør K. Olsen og sekretær I. Flack.

9.—10. januar blei det haldi eit internordisk møte i Gøteborg for å diskutere naudpeile-sendarar. For Noreg møtte sekretær O. Andersen.

Eit svensk-norsk møte om TV-omformarar m. v. blei haldi i Stockholm 22.—24. april. Norske deltakarar var avdelingsingeniørane K. Stokke og T. Theisen og førstesekretær P. Michalsen.

Eit nordisk radiostøymøte blei haldi i Helsinki 27.—29. mai. For Noreg møtte overingeniør K. Falk-Pedersen.

30. oktober—1. november blei det haldi eit møte i Stockholm mellom representantar frå Danmark, Finland, Sverige og Noreg om telekstrafikk mellom dei nordiske landa og USA, og elles om ymse spørsmål i samband med den nye kabelen mellom Noreg og Storbritannia. Norske deltakarar var kontorsjef P. Rabbås, overingeniør N. Taranger og konsulent T. Nebell.

*Andre internasjonale konferansar og møte:*

I samband med den nye sjøkabelen mellom Storbritannia og Noreg blei det haldi 3 møte med representantar frå Storbritannia, Danmark, Sverige og Noreg:

4.—7. februar i Oslo. For Noreg møtte telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektørane P. Øvregard og J. Ringstad, overingeniørane H. Blindheim, O. E. Lohne og E. Jensen, kontorsjef P. Rabbås, avdelingsingeniør K. Olsen, konsulent T. Nebell og sekretær I. Flack.

8. april i London. Norske representantar var avdelingsdirektør P. Øvregard og kontorsjef P. Rabbås.

7.—8. november i Oslo. For Noreg møtte telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektør P. Øvregard, overingeniør E. Jensen, kontorsjef P. Rabbås og sekretær I. Flack.

Den internasjonale luftfartsorganisasjonen (ICAO) heldt eit særskilt kommunikasjonsmøte i Montreal 15. april—4. mai. For Noreg møtte overingeniør P. Mortensen.

Den internasjonale komitéen for radiostøy (CISPR) har haldi 3 arbeidsgruppemøte der overingeniør K. Falk-Pedersen har vori norsk representant: 16.—26. april i Lausanne, 12.—13. juni i Paris og 1.—2. oktober i Stuttgart.

5.—8. mars blei det haldi eit møte i NATO i Paris, der Telegrafstyret var representert ved overingeniør P. Mortensen.

4.—9. juni blei den 9. internasjonale sjøredningskonferansen haldi i Edinburgh. For Noreg møtte inspektør R. Antonsen og sekretær O. Andersen.

På møte i Europarådets juridiske komité for fjernsyn og radio i Strasbourg 5.—7. juni om tiltak mot ulovleg radiosending («piratkringkasting») var kontorsjef I. Møklebust med som ut-sending frå Telegrafstyret.

12.—17. juni heldt Poststyret og Telegrafstyret eit møte i Oslo for bygningsekspertar frå ymse vesteuropeiske post- og teledministrasjonar. Frå Telegrafstyret møtte telegrafdirektør Leif Larsen, avdelingsdirektør P. Øvregard, kontorsjef J. I. Sandnæs og konsulentane Ø. Breiming og T. Nebell.

Den europeiske kringkastingsunionen (EBU) heldt 2.—5. juli eit møte i Paris for leiarar av målestasjonar. For Noreg møtte ingeniør A. Bøe.

2.—6. september blei det i Paris haldi eit ekspertmøte i Den internasjonale oseanografiske komitéen (IOC), der ingeniør A. Bøe møtte som representant for Telegrafstyret.

1.—12. oktober heldt «International Electronical Commission» (IEC) komitémøte i Bad Kreuznach. Frå Noreg møtte overingeniør O. Nystog.

### III. Økonomi, trafikk, telefon- og teleksabonnement m. m.

#### 3.1. Utdrag av Telegrafverkets kapitalrekneskap.

Telegrafverkets kapitalrekneskap blir sett opp i samsvar med føresegnene i stortingsvedtak av 19. november 1959 (Løyvingsreglementet).

#### Balansekonto pr. 31. desember 1963.

<i>Aktiva</i>		kr.
1. Eigedomar og anlegg .....		1 603 547 597,03
2. Innskott i eigedomar .....		574 704,25
3. Lagerforråd .....		48 130 961,36
4. Lager for økonomisk vernebuing .....		6 993 532,84
5. Kassesum .....		26 353 037,41
6. Norges bank og postgiro .....		26 181 980,47
7. Ymse debitorar:	kr.	
a. Mellomrekneskap med rekneskapsførarar .....	69 301 094,97	
b. Personlege konti .....	220 035,95	
c. Norsk Rikskringkasting .....	423 505,42	
d. Utalandske administrasjonar .....	310 951,69	
e. Entreprisar .....	14 007 697,63	
f. Inkasso og diverse .....	4 386 616,65	88 649 902,31
		<u>1 800 431 715,67</u>
<i>Passiva</i>		kr.
1. a. Lån av Nortraships Sjømannsfond .....	10 935 588,67	
b. Lån av Hvalfangstbedriftenes Sikringsfond .....	4 760 000,00	
c. Lån av Aldersfondet .....	6 650 000,00	22 345 588,67
2. Statens renteberande kapital:		
a. Eigedomar og anlegg .....	1 296 038 835,73	
b. Lagerfondet .....	10 062 068,92	
c. Overtrekk på lagerfondet .....	38 068 892,44	1 344 169 797,09
3. Statens ikkje renteberande kapital i lageret for økonomisk vernebuing .....		6 993 532,84
4. Mellomrekneskap med statskassa <sup>1)</sup> .....		132 375 821,33
5. Ymse kreditorar:		
a. Mellomrekneskap med rekneskapsførarar .....	607 698,16	
b. Personlege konti .....	45 746,09	
c. Utalandske administrasjonar .....	4 141 520,87	
d. Entreprisar .....	3 779 417,85	
e. Inkasso og diverse .....	234 715,89	8 809 098,86
6. Eigenkapital .....		285 737 876,88
		<u>1 800 431 715,67</u>

<sup>1)</sup> Overtrekket på lagerfondet er ikkje teki med her, men står som eigen post 2 c.

Prosentvis fordeling av kapitalen mellom framandkapital og egenkapital.

	Pr. 31/12		
	1961	1962	1963
	%	%	%
Framandkapital .....	87,61	86,84	84,13
Eigenkapital .....	12,39	13,16	15,87
	100,00	100,00	100,00

Anleggskapital, bokført anleggsverdi og avskrivning.

Anleggskapitalen er anskaffingsverdien av alle investeringsgjenstandar som ein skal rekna avskrivningar av.

Den bokførte anleggsverdien er anskaffingsverdien av alle investeringsgjenstandar som ikkje er avskrivne til 0, minus akkumulerte avskrivningar av dei same investeringsgjenstandane.

Avskrivning blir rekna ut på grunnlag av anleggskapitalen. For avskrivning i 1963 er anleggskapitalen pr. 31. desember 1961 lagt til grunn.

	Anleggskapital pr. 31. des. 1963	Bokført anleggs- verdi pr. 31. des. 1963	Avskriv- ings- sats	Avskrivning i 1963
	kr.	kr.	%	kr.
<b>1. Lokaltelefonanlegga:</b>				
Kablar og luftliner .....	713 427 172	555 204 227	3 <sup>1</sup> / <sub>3</sub>	19 302 987
Stasjonsutstyr, abonnent- apparat og friluftskioskar	513 533 921	348 475 858	6 <sup>2</sup> / <sub>3</sub>	30 026 387
<b>2. Rikstelefon-, telegraf- og teleksanlegga:</b>				
Fjernkablar .....	177 442 094	150 070 286	2 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	3 452 865
Luftliner og kablar i luftline- kursane, sjøkablar til ut- landet .....	220 916 695	150 634 585	4	7 923 437
Radiolineanlegg .....	54 565 217	47 189 724	10	2 671 413
Andre radioanlegg .....	11 997 816	8 463 113	10	1 040 719
Berefrekvensutstyr .....	92 296 548	73 794 754	10	5 516 378
Tonetelegrafiutstyr .....	9 914 994	7 516 463	10	715 823
Rikstelefon, stasjonsutstyr	63 401 394	51 403 879	6 <sup>2</sup> / <sub>3</sub>	2 994 615
Telegraf og teleks, stasjons- utstyr og abonnentapparat	36 482 705	29 083 838	6 <sup>2</sup> / <sub>3</sub>	1 727 111
<b>3. Farty, motorkjørety, anleggs- og verkstadmaskinar:</b>				
Farty .....	5 453 882	4 095 617	5	267 744
Motorkjørety .....	1 947 357	1 810 607	20	136 750
Anleggs- og verkstadmask.	714 643	659 182	20	55 461
<b>4. Kontormaskinar .....</b>	402 147	388 303	10	13 845
<b>5. Grunnareal og bygningar:</b>				
Grunnareal .....	13 350 587	13 350 587	—	—
Bygningar .....	182 610 963	161 406 574	2	2 954 465
	2 098 458 135	1 603 547 597		78 800 000

### 3.2. Oversikt over Telegrafverkets investeringsutgifter og finansieringa av disse utgiftene.

*Investeringsutgiftene fordelt etter foremål.*

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i prosent
	kr.	kr.	kr.	%
<b>1. Lokaltelefonlegga:</b>				
Kablar og luftliner . . . . .	56 626 600	69 432 914	12 806 314	22,62
St.utstyr og ab.app. i aut.anl. . . .	37 059 683	48 449 255	11 389 572	30,73
St.utstyr og ab.app. man.anl. . . .	2 056 703	2 468 201	411 498	20,01
Aut. hussentralar og serietfn.-anl.	8 562 740	6 286 469	÷ 2 276 271	÷ 26,58
Innløysing av tilknytningsnett og private telefonanlegg i bygdene	954 683	—	÷ 954 683	
Trygdepremiar og pensjonsavg. . .	3 816 878	5 325 000	1 508 122	39,51
Avdrag på lån . . . . .	1 640 000	1 640 000	0	—
Innløysing av Skiens Telefonforen.	17 789 375	—	÷ 17 789 375	
	128 506 662	133 601 839	5 095 177	3,96
<b>2. Rikstelefon-, telegraf- og teleksanl.:</b>				
Fjernkablar . . . . .	13 083 640	16 253 825	3 170 185	24,23
Luftliner og kablar i luftlinekursane, sjøkablar til utlandet . . . .	12 300 762	10 997 335	÷ 1 303 427	÷ 10,60
Radioliner og øysamband . . . . .	7 951 090	13 532 680	5 581 590	70,20
Bygn.messige anl. for radioliner . .	1 931 351	3 643 919	1 712 568	88,67
Faste radiosamband med utlandet	509 449	502 049	÷ 7 400	÷ 1,45
Kystradiostasjonar . . . . .	661 823	1 003 855	342 032	51,68
Berefrekvensutstyr . . . . .	14 404 384	22 698 372	8 293 988	57,58
Tonetelegrafiutstyr . . . . .	1 421 108	1 500 497	79 389	5,59
Rikstelefonen, manuelt st.utstyr . .	1 526 564	1 438 794	÷ 87 770	÷ 5,75
Riksautomatisering . . . . .	7 986 340	9 007 374	1 021 034	12,78
Telegraf og teleks, stasjonsutstyr og abonnentapparat . . . . .	4 706 879	6 515 346	1 808 467	38,42
Trygdepremiar og pensjonsavgift	1 060 922	1 650 000	589 078	55,53
	67 544 312	88 744 046	21 199 734	31,39
<b>3. Grunnareal og bygningar:</b>				
Grunnareal . . . . .	338 055	267 011	÷ 71 044	÷ 21,02
Bygningar . . . . .	13 477 841	15 386 119	1 908 278	14,16
	13 815 896	15 653 130	1 837 234	13,30
I alt . . . . .	209 866 870	237 999 015	28 132 145	13,40

Av summen under lokaltelefonlegga, kr. 133 601 839, vedkjem kr. 45 376 741 Oslo telefonanlegg (kr. 18 844 622 til kablar og luftliner, kr. 24 410 679 til stasjonsutstyr og abonnentapparat og kr. 2 121 440 til hussentralar og serietelefonanlegg).

*Prosentvis fordeling av investeringsutgiftene etter investeringsforemål.*

	1959—60	1961	1962	1963
	%	%	%	%
1. Lokaltelefonlegga . . . . .	63,14	60,38	61,23	56,13
2. Rikstelefon-, telegraf- og teleksanl.	28,30	29,57	32,19	37,29
3. Grunnareal og bygningar . . . . .	8,56	10,05	6,58	6,58
	100,00	100,00	100,00	100,00

*Investeringsutgiftene i 1963 fordelt etter utgiftsart.*

Utgiftsart	Lokaltelefon- anlegga	Rikstelefon-, telegraf- og teleksanlegga (inkl. radio- anlegga)	Grunnareal og bygningar	I alt
1	2	3	4	5
	kr.	kr.	kr.	kr.
<b>1. Lønnsutgifter:</b>				
Lønn til tenestemenn innmelde i Statens pensjonskasse .....	16 658 485	2 208 927		18 867 412
Lønn til arbeidstakarar som ikkje er innmelde i Statens pensj.kasse	7 013 410	4 286 443		11 299 853
Overtid .....	1 952 864	410 883		2 363 747
Søndagstillegg .....	17 814	7 026		24 840
Beordringstillegg, kompensasjons- tillegg .....	27 939	73 670		101 609
Koke- og marktillegg .....	931 443	433 591		1 365 034
Premiar til trygdekassene .....	1 812 943	503 908		2 316 851
Pensjonsinnskott frå teneste- mennene .....	913 586	298 172		1 211 758
Bedriftstilskott til pensjonane ...	1 300 679	424 351		1 725 030
Innskott i Pensjonstrygda for sta- tens arbeidrar .....	1 297 792	423 569		1 721 361
Andre lønnstillegg og lønnsutgifter	595 295	113 650		708 945
	32 522 250	9 184 190		41 706 440
<b>2. Teknisk materiell og maskinelt utst.:</b>				
Teknisk materiell, verkty og arb- reiskap, friluftskioskar .....	90 128 923	78 676 232		168 805 155
Større kontormaskinar .....	83 250	—		83 250
Anleggsmaskinar .....	57 470	153 968		211 438
	90 269 643	78 830 200		169 099 843
<b>3. Transport og reiseutgifter:</b>				
Kjøp av motorkjørety .....	456 264	250 150		706 414
Investeringar i farty .....	—	60 793		60 793
Drift egne transportmiddel .....	1 276 545	427 006		1 703 551
Frakt og transport .....	420 162	685 360		1 105 522
Reiseutgifter .....	627 632	702 222		1 329 854
	2 780 603	2 125 531		4 906 134
<b>4. Ymse utgifter:</b>				
Vederlag for grunnrettar .....	106 093	216 610		322 703
Leigearbeid .....	8 287 361	3 759 594		12 046 955
Andre utgifter .....	223 787	284 162		507 949
	8 617 241	4 260 366		12 877 607
<b>5. Grunnareal og bygningar:</b>				
Kjøp av grunnareal .....			267 011	267 011
Større bygningar under anlegg ..			7 370 207	7 370 207
Mindre bygningar under anlegg ..			5 765 889	5 765 889
Investeringar i ferdige bygningar			2 250 023	2 250 023
			15 653 130	15 653 130
<b>6. Avdrag på lån .....</b>	1 640 000			1 640 000
<b>7. Skadebøter, refusjonar m. m. ....</b>	÷ 2 227 898	÷ 5 656 241		÷ 7 884 139
<b>I alt</b>	133 601 839	88 744 046	15 653 130	237 999 015

*Prosentvis fordeling av investeringsutgiftene etter utgiftsart i 1963.*

1. Lønnsutgifter .....	17,52
2. Teknisk materiell og maskinelt utstyr .....	71,05
3. Transport- og reiseutgifter .....	2,06
4. Ymse utgifter .....	5,41
5. Grunnareal og bygninger .....	6,58
6. Avdrag på lån .....	0,69
7. Skadebøter, refusjonar m. m. ....	÷ 3,31
	<u>100,00</u>

*Finansiering av investeringsutgiftene.*

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i %
	kr.	kr.	kr.	%
<b>1. Investeringsinntekter:</b>				
a) Innmeldingsavgift for telefonabonnement .....	10 157 709	11 345 423	1 187 714	11,69
b) Innmeldingsavgift for teleksabonnement .....	616 870	731 303	114 433	18,55
c) Tilskott for spesielle telefonapparat .....	262 209	269 440	7 231	2,76
d) Tilskott til automatiske hussentraler og serietelefonanlegg ...	5 018 972	3 483 460	÷ 1 535 512	÷ 30,59
e) Særskilte byggjetilskott .....	378 898	496 913	118 015	31,15
f) Andre tilskott for telefonabonnement .....	551 127	500 121	÷ 51 006	÷ 9,25
g) Sal av eigedomar m. m. ....	56 351	115 932	59 581	105,73
	17 042 136	16 942 592	÷ 99 544	÷ 0,58
<b>2. Finansiering over driftsbudsjettet:</b>				
a) Avskrivningsmidlar .....	70 588 517	78 800 000	8 211 483	11,63
b) Av driftsresultatet .....	27 450 000	58 000 000	30 550 000	111,29
	98 038 517	136 800 000	38 761 483	39,54
<b>3. Sjølvfinansiering i alt (1 + 2) ...</b>	115 080 653	153 742 592	38 661 939	33,60
<b>4. Lån frå staten .....</b>	94 786 217	84 256 423	÷ 10 529 794	÷ 11,11
<b>5. Totalsum (3 + 4) .....</b>	209 866 870	237 999 015	28 132 145	13,40

*Prosentvis fordeling av finansieringsmåten.*

	1959—60	1961	1962	1963
	%	%	%	%
Sjølvfinansiering .....	57,13	56,67	54,84	64,60
Lån frå staten .....	42,87	43,33	45,16	35,40
	100,00	100,00	100,00	100,00

## 3.3. Telegrafverkets driftsrekneskap.

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i %
	kr.	kr.	kr.	%
Driftsinntekter .....	463 115 408	529 688 422	66 573 014	14,38
Driftsutgifter .....	441 083 831	472 243 845	31 160 014	7,06
Driftsresultat .....	22 031 577	57 444 577	35 413 000	160,74
<i>Disponering av driftsresultatet:</i>				
Betalt til statskassa .....	÷ 5 418 423	÷ 555 423		
Til investeringsforemål .....	27 450 000	58 000 000		
I alt .....	22 031 577	57 444 577		

Driftsinntektene fordelt på driftsgreiner.<sup>1)</sup>

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i %
	kr.	kr.	kr.	%
<b>1. Lokaltelefonen:</b>				
Abonnementsavgift .....	131 197 360	149 870 211	18 672 851	14,23
Samtaleavgift <sup>2)</sup> .....	91 192 081	111 950 555	20 758 474	22,76
Andre inntekter .....	9 771 231	10 506 581	735 350	7,53
	232 160 672	272 327 347	40 166 675	17,30
<b>2. Rikstelefonen:</b>				
Innalandssamtaler .....	157 805 862	176 797 605	18 991 743	12,03
Utlandsamt. (Noregs nettodel) ..	15 334 869	16 593 271	1 258 402	8,21
Andre inntekter .....	7 940 781	9 751 769	1 810 988	22,81
	181 081 512	203 142 645	22 061 133	12,18
<b>3. Telegraf:</b>				
Innalandstelegram .....	17 530 893	19 260 923	1 730 030	9,87
Utlandsstgm. (Noregs nettodel) ..	12 281 189	12 648 188	366 999	2,99
Andre inntekter .....	7 012 925	7 629 749	616 824	8,80
	36 825 007	39 538 860	2 713 853	7,37
<b>4. Teleks:</b>				
Abonnementsavgift .....	4 405 277	4 941 200	535 923	12,17
Innlandske skrivingar .....	1 664 108	1 993 592	329 484	19,80
Utlandske skrivingar (Noregs nettodel) ..	6 791 606	7 666 722	875 116	12,89
Andre inntekter .....	187 226	78 056	÷ 109 170	÷ 58,31
	13 048 217	14 679 570	1 631 353	12,50
I alt .....	463 115 408	529 688 422	66 573 014	14,38

<sup>1)</sup> Jfr. tabellene 1—7.<sup>2)</sup> Her er teki med samtaleavgift både frå abonnentane og frå talestasjonane.

## Prosentvis fordeling av driftsinntektene.

	1959—60	1961	1962	1963
	%	%	%	%
1. Lokaltelefonen .....	50,04	49,57	50,13	51,42
2. Rikstelefonen .....	38,42	39,11	39,10	38,35
3. Telegraf .....	9,37	8,46	7,95	7,46
4. Teleks .....	2,17	2,86	2,82	2,77
	100,00	100,00	100,00	100,00

## Driftsutgiftene fordelt etter utgiftstad.

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i %
	kr.	kr.	kr.	%
1. Telegrafstyret .....	13 233 238	12 426 805 ÷	806 433 ÷	6,09
2. Distriktsadministrasjonen .....	5 298 991	5 504 669	205 678	3,88
3. Linene, drift og vedlikehold:				
Abonnentlinene .....	33 173 041	35 751 240	2 578 199	7,77
Rikslinene .....	14 881 195	13 546 875 ÷	1 334 320 ÷	8,97
	48 054 236	49 298 115	1 243 879	2,59
4. Stasjonanes drift m. m.:				
Stasjonanes drift .....	161 258 078	171 123 024	9 864 946	6,12
Stasjonshald .....	35 852 714	37 971 108	2 118 394	5,91
Rekningssentralane .....	2 132 234	2 410 647	278 413	13,06
Helsevern og ymse velferdstiltak ...	596 552	654 810	58 258	9,77
Undervisning .....	4 983 284	5 289 739	306 455	6,15
Katalogredaksjonen .....	4 941 507	4 574 698 ÷	366 809 ÷	7,42
Hovudlageret med Prentekspedi- sjonen, distriktslagra .....	5 754 985	5 330 760 ÷	424 225 ÷	7,37
	215 519 354	227 354 786	11 835 432	5,49
5. Trygdepremiar og pensjonsavgifter ...	37 640 550	41 619 257	3 978 707	10,57
6. Ymse utgifter .....	7 470 662	8 086 836	616 174	8,25
7. Avskrivning .....	70 588 517	78 800 000	8 211 483	11,63
8. Renter <sup>1)</sup> .....	43 278 283	49 153 377	5 875 094	13,58
I alt .....	441 083 831	472 243 845	31 160 014	7,06

## Prosentvis fordeling av driftsutgiftene etter utgiftstad.

	1959—60	1961	1962	1963
	%	%	%	%
1. Telegrafstyret .....	2,53	2,44	3,00	2,63
2. Distriktsadministrasjonen .....	1,12	1,22	1,20	1,17
3. Linene, drift og vedlikehold .....	10,62	11,53	10,90	10,44
4. Stasjonanes drift m.m. ....	52,01	49,18	48,86	48,14
5. Trygde- og pensjonsavgifter .....	8,35	7,95	8,54	8,81
6. Ymse utgifter .....	1,22	1,87	1,69	1,71
7. Avskrivning .....	15,08	15,71	16,00	16,69
8. Renter.....	9,07	10,10	9,81	10,41
	100,00	100,00	100,00	100,00

<sup>1)</sup> Nærmare spesifikasjon av rentene finn ein i tabell 6 B. Renter av statens kapital i anlegga er rekna ut på grunnlag av rentepliktig kapital pr. 31. desember 1961. Rentene av denne kapitalen, renter av lagerfondet og overtrekket på lagerfondet er rekna ut etter ein rentefot på 4,2% p a.

## Driftsutgiftene i 1963

	Telegraf- styret	Distrikts- administra- sjonen
	kr.	kr.
<b>1. Lønnsutgifter:</b>		
Lønn til tenestemenn innmelde i St. pensjonskasse .....	9 271 253	4 171 395
Lønn til arbeidstakarar som ikkje er innmelde i St. pk. ....	432 980	165 601
Overtid .....	277 509	104 394
Nattarbeid, beredskapsteneste og svareplikt .....	—	—
Søndagstillegg og helgedagsgodtgjersle .....	1 303	746
Beordringstillegg, kompensasjonstillegg m.m. ....	5 603	8 282
Koke- og marktillegg .....	—	—
Takstpartar og assistentgodtgjersle .....	—	—
Trygdepemiar og pensjonsavgifter <sup>2)</sup> .....	—	—
Uniformer og uniformsgodtgjersle .....	—	—
Andre lønnsstillegg og lønnsutgifter .....	42 548	20 301
	<b>10 031 196</b>	<b>4 470 719</b>
<b>2. Utgifter vedkommande bygningar og leigde lokale:</b>		
Drift og vedlikehald egne bygningar m.m. ....	247 582	147 206
Skattar og avgifter egne bygningar .....	15 021	6 311
Husleige, drift og vedlikehald leigde lokale m.m. ....	÷ 6 783	128 810
Elektrisk kraft og brensel .....	200 729	60 041
	<b>456 549</b>	<b>342 368</b>
<b>3. Kontorutgifter:</b>		
Portoutgifter .....	103 679	55 863
Kontorbruktsting og reinhaldsmiddel .....	290 281	96 088
Kontorutstyr og innbu .....	384 779	127 751
	<b>778 739</b>	<b>279 702</b>
<b>4. Teknisk materiell og maskinelt utstyr:</b>		
Teknisk materiell, verkty og arbeidsreiskap .....	482 509	—
Anleggsmaskinar .....	—	—
	<b>482 509</b>	<b>—</b>
<b>5. Transport- og reiseutgifter:</b>		
Kjøp av motorkjøretøy .....	131 095	23 595
Drift egne transportmiddel .....	93 051	93 065
Frakt og transport .....	7 984	4 698
Reiseutgifter og flyttingsgodtgjersle .....	256 143	278 618
	<b>488 273</b>	<b>399 976</b>
<b>6. Ymse utgifter:</b>		
Deltaking i internasjonale kongressar .....	—	—
Annonsar og reklame .....	—	—
Forsvarets radioliner, tilskott drift og vedlikehald .....	—	—
Tuberkuloselega, part av Lx-salet .....	—	—
Ymse velferdstiltak .....	—	—
Vederlag for grunnrettar .....	—	—
Leigearbeid .....	—	—
Riksrevisjonen .....	—	—
Andre utgifter .....	191 480	15 164
	<b>191 480</b>	<b>15 164</b>
<b>7. Renter</b> .....		
<b>8. Avskrivning</b> .....		
<b>9. Skadebøter, refusjonar m.m.</b> .....	÷ 1 941	÷ 3 260
<b>I alt</b> .....	<b>12 426 805</b>	<b>5 504 669</b>

<sup>1)</sup> Rekningsentralane, Helsevern og Ymse velferdstiltak, Undervisning, Katalogredaksjonen og Hovudlageret med Prentekspedisjonen, distriktslagra og Riksrevisjonen.

<sup>2)</sup> Nærmare spesifikasjon, sjå tabell 6.

## fordelte etter utgiftsart.

Linene, drift og vedlikehold	Stasjonenes drift	Stasjons- hold	Andre ut- giftstader <sup>1)</sup>	Fellesutgifter	I alt
kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.
22 457 063	113 012 401	20 196 235	4 807 160	—	173 915 507
7 273 772	12 268 141	4 675 549	2 841 974	—	27 658 017
2 764 439	7 542 939	366 065	195 067	—	11 250 413
20 520	2 612 371	2 252 353	—	—	4 885 244
60 737	3 263 219	2 861 372	338	—	6 187 715
45 071	249 457	26 073	105 233	—	439 719
507 358	425	—	—	—	507 783
—	497 883	3 972 915	—	—	4 470 798
—	—	—	—	41 619 257	41 619 257
—	—	—	—	1 013 415	1 013 415
737 450	1 102 352	1 357 305	1 424 967	91 407	4 776 330
33 866 410	140 549 188	35 707 867	9 374 739	42 724 079	276 724 198
61 928	2 865 155	69 686	134 983	—	3 526 540
3 800	190 981	3 525	11 321	—	230 959
200 990	1 720 488	1 410 008	250 188	—	3 703 701
86 878	3 424 737	214 303	109 513	—	4 096 201
353 596	8 201 361	1 697 522	506 005	—	11 557 401
4 291	1 843 123	100 641	939 940	—	3 042 537
18 741	1 077 528	19 966	3 329 237	2 360 070	7 191 911
34 664	1 677 918	59 591	213 654	—	2 498 357
57 696	4 598 569	180 198	4 477 831	2 360 070	12 732 805
9 856 669	13 765 922	342 103	1 507 866	169 014	26 124 083
353 207	—	—	—	—	353 207
10 209 876	13 765 922	342 103	1 507 866	169 014	26 477 290
1 700 316	653 653	—	44 950	—	2 553 609
3 349 075	987 237	—	193 236	—	4 715 664
510 233	212 121	11 329	1 524 243	—	2 270 608
1 044 717	788 582	28 240	175 216	57 449	2 628 965
6 604 341	2 641 593	39 569	1 937 645	57 449	12 168 846
—	—	—	—	193 838	193 838
—	—	—	—	216 721	216 721
—	—	—	—	1 400 000	1 400 000
—	—	—	—	1 248 437	1 248 437
—	—	—	262 907	—	262 907
64 155	—	—	—	—	64 155
1 320 455	—	—	—	—	1 320 455
—	—	—	848 309	—	848 309
255 521	1 417 512	3 849	294 557	438 363	2 616 446
1 640 131	1 417 512	3 849	1 405 773	3 497 359	8 171 268
—	—	—	—	49 153 377	49 153 377
—	—	—	—	78 800 000	78 800 000
÷ 3 433 935 ÷	51 121	—	÷ 51 083	—	÷ 3 541 340
49 298 115	171 123 024	37 971 108	19 158 776	176 761 348	472 243 845

Prosentvis fordeling av driftsutgiftene etter utgiftsart.

	1962	1963
	%	%
1. Lønnsutgifter .....	58,70	58,60
2. Utgifter vedkommande bygningar og leigde lokale .....	2,42	2,45
3. Kontorutgifter .....	3,28	2,70
4. Teknisk materiell og maskinelt utstyr .....	6,02	5,60
5. Transport- og reiseutgifter .....	2,79	2,57
6. Ymse utgifter .....	1,54	1,73
7. Renter .....	9,81	10,41
8. Avskrivning .....	16,00	16,69
9. Skadebøter, refusjonar m. m. ....	÷ 0,56	÷ 0,75
	100,00	100,00

### 3.4. Rentabilitet.

Rentabilitet = årets avkasting<sup>1)</sup> i prosent av den gjennomsnittlege kapitalen<sup>2)</sup> som det er arbeid med i året.

Rentabiliteten i Telegrafverket.

	1962		1963	
	Gj.snittleg kapital	Rentabilitet	Gj.snittleg kapital	Rentabilitet
	kr.	%	kr.	%
1. Lokaltelefonen .....	949 965 497	6,72	1 052 312 747	8,69
2. Rikstelefonen .....	477 349 374	2,97	558 224 274	4,66
3. Telegraf .....	48 888 814 ÷	15,52	54 226 403 ÷	9,77
4. Teleks .....	32 176 274	21,36	40 582 355	19,28
	1 508 379 959	5,12	1 705 345 779	7,03

<sup>1)</sup> Kapitalens avkasting = driftsresultat + betalte renter + innmeldingsavgift, tilskott for spesielle telefonapparat, særskilte byggetilskott og andre tilskott for telefonabonnement.

<sup>2)</sup> Gjennomsnittleg kapital = sum aktiva da året tok til + sum aktiva da året slutta, dividert med 2.

### 3.5. Lokaltelefonen.

Ein har tre organisasjonsformer for lokaltelefonen:

*Telegrafverkets telefonanlegg.*

Telegrafverket driv sentralane og syter for og vedlikeheld liner og abonnentutstyr.

*Tilknytingsnetta.*

Ved tilknytingsnetta er abonnentane knytte til nærmaste rikstelefonstasjon. Abonnentane kan anten vera tilknytingsabonnentar eller særabonnentar. Tilknytingsabonnentane eig sjølv line og apparat og syter for vedlikehaldet. Ved særabonnement er det Telegrafverket som syter for line, apparat og vedlikehald.

*Private telefonselskap.*

Til vanleg har dei private telefonselskapa eigne sentralar. I nokre tilfelle har ein fellesstasjonar som anten Telegrafverket eller det private telefonselskapet driv.

Dei private telefonselskapa syter for og vedlikeheld abonnentlinene. Einskilde selskap kostar også apparatutstyr for abonnentane og har vedlikehaldet av det.

*Takstar ved Telegrafverkets telefonanlegg.*

- a) *Innmeldingsavgifta* gjekk den 1. januar 1963 opp frå kr. 500 til kr. 600 pr. hovudabonnement<sup>1)</sup> (pluss eventuelt byggjetilskott).  
 b) *Abonnementsavgifta* for vanlege hovudabonnement utan tilleggsutstyr er:

Tariffgruppe	Tal på hovudabonnement i det lokale samtaleområde <sup>2)</sup>	Kvartalsavgift pr. hovudabonnement ved automatiske sentralar
		kr.
0	Opptil 25	42,00
1	26— 250	42,00
2	251— 800	51,00
3	801— 8 000	60,00
4	8 001—30 000	66,00
5	over 30 000	72,00

Kvartalsavgifta blir redusert med

- 1) kr. 3,00 ved manuelle anlegg og kr. 1,50 ved automatiske bisentralar knytte til manuell hovudsentral
- 2) kr. 6,00 ved sentralar utan nattevakt
- 3) eit partsfrådrag dersom to eller fleire abonnentar må dele line. Partsfrådraget er:

Tariffgruppe	Frådrag pr. kvartal	
	ved manuell sentral	ved automat-sentral
	kr.	kr.
0—1	7,50	4,50
2	9,00	6,00
3	10,50	7,50
4—5	12,00	9,00

- c) *Abonnementsavgifta for biapparat* blei frå 1. januar 1963 endra til kr. 15,00 pr. kvartal.

- d) *Abonnementsavgift for hussentralar og serietelefonar:*

For automatiske hussentralar og serietelefonar dekkjer abonnenten anten berre ein viss del av det utstyret kostar, og betalar da abonnementsavgift A, eller han dekkjer heile kostnaden og betalar abonnementsavgift B.

Kvartalsavgiftene blei frå 1. januar 1963 endra til:

	A	B
	kr.	kr.
Automatisk hussentral, pr. nr. ....	16,80	11,25
Manuell hussentral ved automatiserte anlegg, pr. nr. ....	11,25	
Manuell hussentral ved manuelle anlegg, pr. nr. ....	7,50	
Serietelefon, pr. apparat .....	22,50	16,80

- e) *Samtaleavgifta* er 20 øre pr. lokalsamtale. Det blir ikkje betalt samtaleavgift ved manuelle anlegg i tariffgruppe 0.

*Takstar ved tilknytingsnetta.*

- f) *Innmeldingsavgifta for særabonnement* gjekk frå 1. januar 1963 opp frå kr. 500 til kr. 600 pr. hovudabonnement<sup>1)</sup> (pluss eventuelt byggjetilskott). Tilknytingsabonnentane betaler ikkje innmeldingsavgift.

- g) *Abonnementsavgift:*

Tariff-gruppe	Apparattal i det lokale samtaleområde	Kvartalsavgift pr. hovudabonnement ved manuelle sentralar	
		tilknytings-abonnement	særabonnement
		kr.	kr.
01	Opptil 10	21,—	39,—
02	11—25	24,—	39,—
03	Over 25	18,—	39,—

<sup>1)</sup> Eit hovudabonnement kan anten vera eineabonnement, partsabonnement eller abonnement på line mellom telefonsentralen og ein hussentral eller eit serietelefonanlegg. Kvar line mellom telefonsentralen og ein hussentral eller eit serietelefonanlegg blir rekna som eit hovudabonnement.

<sup>2)</sup> Tenestetelefonar blir ikkje rekna med i talet på hovudabonnement.

I tillegg til denne kvartalsavgifta blir det krevd kr. 1,50 pr. kvartal ved automatiske bi-sentralar knytte til manuell sentral.

Kvartalsavgifta blir redusert med

1) kr. 6,00 ved stasjonar utan fast nattevakt.

2) eit partsfrådrag dersom to eller fleire abonnentar må dele line. Partsfrådraget er kr. 3,00 pr. kvartal for tilknytingsabonnentar, kr. 4,50 for særabonnentar ved automatiske sentralar og kr. 7,50 for særabonnentar ved manuelle sentralar.

h) *Samtaleavgifta* er 20 øre pr. lokalsamtale ved anlegg med meir enn 25 hovudabonnement (tariffgruppe 03). Ved dei mindre anlegga (01 og 02) blir det ikkje betalt samtaleavgift.

Utgifter til montering av tilleggsutstyr (t. d. biapparat, ekstra klokke og vendar), hussentralar og serieapparat må abonnentane dekkje etter rekning.

Innmeldingsavgiftene og visse kapitaltilskott, t. d. til hussentralar og serieapparat, er posterte som investeringsinntekter (jfr. 3.2.). Avgiftene elles er driftsinntekter.

### Hovudabonnement og lokalsamtaler.

	1962	1963	Auke	
			absolutt	i %
<b>1. Hovudabonnement ved slutten av året:</b>				
Telefonanlegga .....	482 660	500 902	18 242	3,78
Tilknytingsnetta .....	<sup>1)</sup> 23 842	<sup>2)</sup> 21 559 ÷	2 283 ÷	9,58
I alt	506 502	522 461	15 959	3,15
<b>2. Takserte lokalsamtaler:</b>				
Frå abonnentane:				
ved telefonanlegga .....	524 293 713	536 928 539	12 634 826	2,41
ved tilknytingsnetta .....	6 294 222	5 469 066 ÷	825 156 ÷	13,11
Frå talestasjonar og off. samtale-automatar: <sup>3)</sup>				
ved telefonanlegga .....	} 15 986 445	17 355 170	1 368 725	8,56
ved tilknytingsnetta .....				
